



Giske kommune
Rådhuset, Valderhaug 4
6050 VALDERØY

Giske kommune

Kommuneplanen sin arealdel 2017 -2029

Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Prosjektet er utvida til å gjelde ut 2017. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av Avinor.

Avinor har i brev av 12.05 fremma motsegn i 6 ulike punkt som vist under:

- Avsette areal til lufthamnformål (kode 2030) til baneforlenging mot Vigrafjorden, jf. Punkt 1 (sjå høyringsbrevet frå Avinor).
- Endre bandleggingszone for slåttemark (H_740_1) til omsynssone for ivaretaking av naturmiljø (H_560), jf. punkt 2.
- Næringsområde Nvi_3 videreførast som lufthavnformål (kode 2030) i tråd med gjeldande reguleringsplan frå 2010, jf. punkt 4.
- Utviding av lufthavnareal (kode 2030) for å ivareta auka behov for driftsområde, jf. Punkt 7
- Etablere omsynssoner for restriksjonsplanen (H190_1) og byggerestriksjonskartet for flynavigasjonsanlegga (H190_2) med tilhøyrande føresegner, jf. punkt 9.
- Ta inn generell føresegn om farleg eller villeiande lyssetting, jf. punkt 10.

Fylkesmannen viser til at Avinor sende fråsegna med motsegnene ei veke etter at dette skulle vore motteke her hos oss. Det har difor ikkje vore mogleg å få til noko avklaringsmøte før eksternfristen går ut. Det er 5 ulike verneområde i tilknytning til flyplassen. Med den viste avgrensinga som Avinor krev skal utgjere flyplassområdet, kan alle desse verneområda bli råka. Før desse forslaga er konsekvensutgreidd, og ein er blitt einige om ei ytre grense for flyplassen i høve naturmangfaldlova og plan- og bygningslova, kan ikkje Fylkesmannen godta motsegnene i kulepunkt 1 og 4 som er fremma. Spørsmålet ikring flyplassen si endeleg avgrensing i Giske kommune sin kommuneplan må drøftast i eit møte mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, Giske kommune og Avinor. Vi føreset at dette temaet er avklarast før planen blir lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

Avinor:

- Endre bandleggingssone for slåttemark (H_740_1) til omsynssone for ivaretaking av naturmiljø (H_560), jf. punkt 2.
- Næringsområde Nvi_3 vidareførast som lufthavnføremål (kode 2030) i tråd med gjeldande reguleringsplan frå 2010, jf. punkt 4.
- Etablere omsynssoner for restriksjonsplanen (H190_1) og byggerestriksjonskartet for flynavigasjonsanlegga (H190_2) med tilhøyrande føresegner, jf. punkt 9.
- Ta inn ei generell føresegn om farleg eller villeiande lyssetting, jf. punkt 10.

Heile fråsegna til Avinor ligg som vedlegg.

Fylkesmannen:

- Føresegn § 2.12 må vere i tråd med føringane gitt i RPR barn og unge.
- Ny veg inn til Vigra flyplass frå vestsida og inn sør for flyplassen. Det må gå fram av føresegnene at veglina på kartet er berre ein illustrasjon av mogleg framtidig ny veg til flyplassen og dermed ikkje juridisk bindande for endeleg vegval. Val av vegline må avklarast i reguleringsplan.
- To alternativ for nye massetak på nordsida av Godøya – RGO 1 og RGO 2 ut frå konflikt med nasjonalt viktig kulturlandskap og naturmangfald
- Alnes – LNF BGO-1 – serviceanlegg for surfarar ut frå konflikt med nasjonalt kulturlandskap
- Naustområde. Vi har motsegn til at nauststorleiken generelt skal aukast frå 50 m2 til 60 m2 BRA. I tillegg har vi motsegn til auke frå 60 m2 til storleik 80 m2 i områda: FNv-2 og 3, FNva-2, FNg-2 FNg-5 og 5b.
- Byggeområde naust: FNva-3. Motsegn ut frå landskaps, og friluftsiinteresser.
- Iva-1, seglsportsenter, urørt strandsone delvis i friområde.
- Småbåthamn SHgo-1, der molo i vest vil øydelegge eit urørt grunt område.
- Ig-2 - Idrettsanlegg, Staurneset på Giske - jordvern
- Bg- 9 og Bg 10 bustadar på Giske - jordvern
- Vg-1, veg til Øydegardshamna på Giske - jordvern
- B-vi-17, bustad Budafjellvegen på Vigra - jordvern
- LNF-Bvi 1, enkeltbustad Vigra - jordvern
- Bvi-15, bustad Margretevegen på Vigra – jordvern
- Kommunen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag-samfunnstryggleik
- Føresegna knytt til omsynssoner for høgspentanlegg må sikre at det ikkje skal byggjast bustad, skular eller barnehagar innanfor sona - samfunnstryggleik

Faglege råd og nærare gjennomgang av motsegnene frå Fylkesmannen.

Giske kommune må få ros for ein særst godt gjennomarbeidd kommuneplan med ei rekke tilleggsdokument om enkelttema og eigne temakart. Planen har god kopling til og omtale av nasjonale og regionale føringar.

Ut frå planomtalen har det vore gjennomført gode medverknadsprosessar rundt i kommunen, der vi spesielt syns det er flott at barn- og unge har fått delteke i planarbeidet. Barnetråkkregistreringar er også nyttig å ha med som grunnlagsmateriale for planen, men må ofte kvalitetsjekkast då det ikkje alltid er rett teikna inn på kart. Planen har i stor grad følgd arealbruksprinsippa i samfunnsdelen, som vi meiner er særleg gode. Dei nye målsettingane som kjem i tillegg er også viktige.

Det er brukt kodar etter gammal plan- og bygningslov. Dette må rettast opp før eigendokjeninga.

Konsekvensutgreiinga er systematisk og godt gjennomarbeidd, men den er omfattande og det kan vere vanskeleg å finne att kor areala er på plankartet. Saksdokumenta ligg på heimesida til Giske kommune. Det er eit problem at desse ikkje er sortert på ein god måte, noko som gjer det vanskeleg å få oversikt og sette seg inn i planen.

Sjøområda

Plankartet

Plankartet viser både arealbruksformål og ulike omsynssoner. Dette kan føre til at kartet får svært mykje informasjon og blir noko uoversiktleg. Vi registrerer at omsynssonene i tillegg også er vist på eige temakart. I den grad ein meiner hovudkartet blir meir leseleg kan ein ta ut omsynssonene her og gjennom føresegnene gjere temakartet/karta juridisk bindande. Dei fleste av områda er i tillegg til farge og skravur også gitt ein arealbrukskode (feltkode). Det gjeld likevel ikkje alle. Vidare er kodane som er nytta ikkje i samsvar med kodar slik dei er føreslege av kommunal- og moderniseringsdepartementet (jfr. <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/plankartsiden/feltkoder-til-arealplaner/id2361225/>).

Det er i utgangspunktet ikkje eit krav at alle formål skal ha ein feltkode, men det vil som regel vere nyttig for å skilje dei ulike formåla med kodar. Kodane bør da også visast i teiknforklaringa. Vi rår til at dette blir gjort.

Natur- og miljøverninteresser

Det er svært positivt at planen i tillegg til dei verna områda også viser viktige marine naturtypar som tareskogar, ålegrasenger, korallrev, tidevass-straumar og gyte- og oppvekstområde som omsynssoner, både i plankartet og i temakart. Dette bør gi eit godt grunnlag for vidare forvaltning av sjøareala. Det er utarbeidd to juridisk bindande plankart for sjøområda; eit for overflata (øvrste del av vassøyla) og eit for sjøbotnen.

I konsekvensutgreiinga pkt. 10.1 til 10.8 er utgreidd nye område i sjø. Dette gjeld 3 kaste- og låssettingsområde, 6 fleirbruksområde (vist som NFFFA), der to av desse er utvidingar av eksisterande område, samt 2 område for akvakultur (vist som AK). Etter det vi forstår har

avgrensinga av områda for akvakultur på hovudkartet ikkje inkludert mogleg maksimal utstrekning av fortøyingar og forankringar. Desse kan derfor kome utanfor dei avmerka areala (jfr. føresegnene 3.5.8). Det går likevel fram av planomtalen at kartet for sjøbotnen viser eit større areal enn overflata for å ta høgde for forankring.

Fleirbruksområdet NFFFA_6 vest for Gjørundet er i nord avgrensa heilt inn i Blindheimsvika dyrelivsfredingsområde og i aust heilt inn mot strandsona. Eventuell akvakultur innanfor dette arealet kan kome i konflikt med artar av stor forvaltningssinteresse. Området er også svært grunt (hovudsakleg < 20 m) og vil neppe vere eigna for fiskeoppdrett. I kva grad andre aktivitetar som t.d. algeoppdrett kan vere aktuelt kjenner vi ikkje til. Vi vil i utgangspunktet rå til at arealet blir tatt ut av planen, eventuelt flytta mot sørvest.

Hamner

Ut frå planomtalen er det kanskje ingen heilt nye småbåthamner, men forslag om å utvide eksisterande, eks Valkvæ på Godøya. 11 hamner er fiskerihamner, der Giske kommune berre ønsker å ha 4 av desse som fiskerihamner i framtida. Desse kan bli reine småbåthamner etter avhending. Kystverket skal utarbeide forslag til kva hamner som skal vere fiskerihamner i framtida.

Midt på sørsida av Godøya er det eit område med 5 ulike private moloar mellom Utigardneset og aust for Paulsneset.

Planen legg opp til ei stor småbåthamn her kalla SHgo-1. Vi vil rå i frå at denne er vist med så stor utstrekning vestover då den vestlege delen er strandsona i dag er urøyrd. Det er langgrunt i heile område, men spesielt utanfor Paulsneset. Det er eit bustadområde i bakkant og strandlina her verkar attraktiv slik den er i dag. Vi har motsegn til planen då vi meiner at område verkar å ha landskaps- og nærfriluftslivskvalitetar. Vi meiner hamna må reduserast i storleik frå vest mot aust og har motsegn til planen til dette er gjort.

Barn og unge

Kommunen har frå før utarbeidd eigen norm for leikeareal seinast oppdatert pr. 30.12.2016, men at også delar av denne blir teke inn som føresegner til kommuneplanen. Vi ser på dette som positivt og eit godt verktøy for å møte private aktørar som har ulik tilnærming til dette temaet. Norma samsvarar ikkje med det Fylkesmannen legg til grunn som minimum for t.d kor mange kvadrat leikeareal det skal vere pr. bueining for ulike typar leikeplassar og minimum storleik.

Vi viser til Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst», der vi set eit særleg fokus på barn sine interesser på alle arbeidsfelt der Fylkesmannen har ei rolle. I plansamanheng fører dette til eit skjerpa fokus på leikeareal generelt, og nærleikeplassar spesielt. Nærleikeplassane er til for dei aller minste barna frå 0-6 år, som er avhengig av at leikeareala ligg relativt nært til der dei bur. Slike felles leikeareal kan også gjere nytte som møteplassar for både barn, vaksne og eldre. Vellykka bruk vil gjerne vere avhengig av kva leikeapparat, benkar o.a. som finst. Konkrete funksjons- og rekkefølgekrav i plan vil sikre at leikeareala blir utrusta og opparbeidd.

Giske kommune har i føresegn § 2.12 i kommuneplanen ønska å sikre barn og unge sine interesser i planlegginga. Det er gitt krav om minimum storleik, trafikkikkerheit og trygg tilkomst, maksimal avstand til leikeareal, brattheit på arealet, plassering i bustadfeltet, sol og vindtilhøve, støykrav, samlokalisering med anna friområde/grønstruktur oa.

For at føresegna til kommuneplanen skal vere samstemt med føringane gitt i «*Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*», må følgande moment takast inn i planen:

- Ved regulering må areal til leikeplass(ar) vere sikra i plankart og føresegner.
- Kravet til leikeplass gjeld ved bygging av 5 bustader eller meir.
- I nye bustadområde skal det vere minimum 50 m² per bueining til leikeplass og andre friområde.
- Innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m².
- Maksimalt 20 bueiningar per nærleikeplass.
- Det må bli gitt rekkefølgekrav som sikrar at nærleikeplass(ar) blir opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
- Areal brattare enn 1:3 eller smalare enn 10 m, areal med støynivå L_{den} 55 dB eller høgare, areal satt av til kjøreveg, parkering, fareområde og areal belagt med restriksjonar som hindrar barns frie leik, skal ikkje reknast med.

Vår vurdering er at Giske kommune sitt planforslag vil sikre at minimum storleik på nærleikeplassar blir 150 m², og ikkje 200 m² som det er lagt føringar om i T-02/08. Minimum storleik på nærleikeplassar er sett til 200 m² fordi ein ønskjer unngå at tilgrensande bustader skal privatisere leikearealet og dermed legge band på leiken og støynivået frå ungene. I tillegg skal ulike aktivitetar kunne skje samtidig, der nokon aktivitetar (balleik, husking oa.) tar meir plass enn andre aktivitetar(sandkasse oa). 150 m² må endrast til 200 m².

Giske krev avsett leikeareal allereie ved 4. bueining, noko vi sjølvstilt ikkje har innvendingar til.

Avstandskravet frå bueiningar til nærleikeplass i kommuneplanen er sett til maksimalt 100 m, noko som er eit avvik frå føringane i T-02/08 på 50 m.

Vi finn det uheldig om føresegnene opnar for skjønn som vist i § 2.12 bokstav M.

Kommunen har introdusert «minileikeplass» på 8 m²/bueining med funksjons- og rekkefølgekrav likt med nærleikeplassen. Ved introduksjon av ein slik minileikeplass i planføresegnene er det ein føresetnad at denne typen leikeareal ikkje erstattar nærleikeplassen, men kjem i tillegg.

Vi rår også til at kommunen tar inn krav om kvartals-/områdeleikeplass innan 150 m frå alle bueiningar. Krav til kvartalsleikeplass bør vere minimum 1500 m² og dekke maksimalt 50 bueiningar. Slik føresegnene no er forma i tabell i § 2.12 er storleiken på områdeleikeplassane 800-500 m² (eller 20x20 m² = 400 m² jamfør føresegnstekst), noko som er svært lite og kan likne mykje på ein nærleikeplass i storleik. I tillegg bør

kommunen vurdere om det tener formålet å ha krav til ballfelt på alle områdeleikeplassar, sidan dette vil oppta mykje av arealet.

Det bør ryddast i føresegnene § 2.12 slik at ein skil mellom juridisk bindande føresegner og ikkje-juridisk bindande retningsliner. Føresegnene skal vere eintydige og konkret og av den grunn er det ein fordel om «bør» blir justert til «skal /må» i føresegnene. Vi viser også til kapitelet om føresegner.

Fylkesmannen har **motsegn** fram til føresegn § 2.12 er i tråd med føringane gitt i RPR barn og unge.

Natur- og miljøvern

Ny innfartsveg til Vigra flyplass.

Planen legg opp til ny veg inn frå sørvest på Vigra, med ny veg på fylling over Gjørundet, veg langs strandlina nordover og inn austover mot flyplassen. Den vil her kome nær Rørvikvatnet naturreservat og vil gå gjennom ein liten del av Blindheimsvika naturreservat. Ut frå dette reiser vi **motsegn** til planen. Ettersom traseen ikkje er utgreidd og endeleg fastsett, og truleg ligg langt fram i tid, vil vi føreslå at den er vist på kartet som mogleg framtidig trase (illustrasjon). Vegen som er vist på plankartet er såleis ikkje juridisk bindande og det må utgreiast nærare kor denne skal gå gjennom reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Alternativt kan den viste vegen takast ut av plankartet og berre nemnast i planomtalen som ein mogleg framtidig ny vegline til flyplassen. I tilknytning til nytt kommunesenter på Sætra kan den viste veglina ut i sjøen medføre problem for korleis ein skal planlegge det nye kommunesenteret med tanke på infrastruktur.

To alternativ for nye massetak på Godøya – RGO 1 og RGO 2

Desse ligg langs gamlevegen midt på nordsida av Godøya og vender mot øya Giske. Begge desse vil bli godt synlege og ligge i landskapsrommet når ein ser mot Alnes frå øya Giske eller frå sjøen. Det er eit bratt område med ein del rasmark, noko som tilseier at det fort blir store sår langt opp i sida ved uttak av massar. Planen har vist to område for massetak, men i planomtalen går det fram at berre eitt skal prioriterast som framtidig massetak.

Område RGO 2 ligg inne i eit utvald kulturlandskapsområde i jordbruket. Dette har same avgrensing som heilheitleg kulturlandskapsområde som har vore registrert og avgrensa på kart under namnet Alnes i lang tid og ligg i GisLink.

RGO 1 ligg innanfor sama kulturlandskapsområde med ein liten del i aust, medan om lag halvparten av arealet ligg innanfor Naturtype «Andre viktige førekomstar» (Godøya aust for Alnes). Området er verdset til viktig og vart registrert i 2003. Det er karakterisert ved bratte hamrar, berg og rasmark. Det er funne raudlisteartar som hinnebregne og kvitkurle i området. Elles veks det svartstorr og trillingsiv som er uvanlege på ytterkysten i vårt fylke. Vi meiner det vil vere landskapsmessig svært uheldig å tillate massetak i eit

eksponert område nær Alnes som må reknast som nasjonalt viktig kulturlandskapsområde. Vi reiser difor **motsegn** til begge desse forslaga til massetak.



Foto teke frå Giske mot nordsida av Godøya. I skuggeområde vest for neset som ligg i sola er det dei to alternative massetaka er føreslege. Dei vil bli liggande i same landskapsrommet som Alnes, som vi ser til høgre i biletet.

Alnes – LNF BGO-1

På møte vi hadde med kommunen 11 mai kom det fram at dette arealet er tenkt som eit serviceanlegg for surfarar på Alnes. Området ligg sentralt i utvald kulturlandskapsområde i jordbruket. Eit slikt anlegg kan ikkje ligge midt ute i det opne kulturlandskapet, men må lokaliserast til eit område eit slikt bygg framstår som naturleg. Vi har ut frå dette **motsegn** til LNF BGO-1.

Iva-1 Seglsportsenter

Området er lagt til eit urøyrd område der delar av arealet er friområde i gjeldande plan. Vi har problem med å sjå at kartavgrensinga som er vist side 119 i konsekvensutgreiinga samsvarer med det arealplankaret viser. Det går fram av konsekvensutgreiinga at det er problem med både parkering og tilkomst med bilar til område. Ut frå dette må vi stille spørsmålsteikn ved om arealet er eigna for seglbåtsenter. Det manglar også alternativvurderingar i konsekvensutgreiinga. Det går fram av konsekvensutgreiinga at det skal vere molo her, men det er ikkje gjort noko vurdering av konsekvensane for landskap, naturmiljø og friluftsliv. Fylkesmannen reiser ut frå dette **motsegn** til Iva-1.

Naust

Det er svært tett utbygd med bustader på aust og sørsida av øya (har strandsona opphalds- og ferdselskvaliteter?), noko som tilseier at strandsona nedanfor er attraktive friluftsområde. Planen legg opp til få nye naustområde, men i gjeldande kommuneplan

er det lagt ut svært store samanhengande naustområde på Valderøya som burde vore gjennomgått og redusert. Vi registrerer at nokon justeringar er gjort. Vi reknar med at mange av desse areala er regulert og at mykje areal ikkje er bygd ut.

Spesielt på austsida av Valderøya er det svært tett med naustområde og det manglar heilt grøntkorridorar for bustadområda ovanfor og ned til sjøen. Dette kan ein gjere noko med, enten ved områderegulering som endrar fleire detaljreguleringsplanar, eller at ein gjer endringane i kommuneplanen der det går fram at ved motstrid mellom reguleringsplan og kommuneplanen gjeld kommuneplanen.

Vi vil vise til Fylkesmannen sine naustråd som er sendt alle kommunane. Her er rådet at det ikkje bør vere større naust enn 40 m² BRA med maks mønehøgde på 5 meter. I gjeldande plan er det generelt tillate med naust med grunnflate 50 m² og 6 meter mønehøgde, medan ein no ønsker å endre dette til 60 m². I ny plan står det BRA, men vi er usikre kva som gjeld i gjeldande plan.

Det er opna opp for 80 m² i 7 konkrete naustområde. Det er ikkje mogleg å finne desse på plankartet, då dei ikkje har fått noko kode. (fekk dette på e-post i etterkant). Vi var på synfaring i nokre av desse. I område FNvi3 burde det ikkje bli bygd fleire naust i det heile. Vi har ikkje vore på synfaring på områda, deriblant FNvi-2 og FNvi-3.

I område FNvi3 på Vigra burde det ikkje bli bygd fleire naust i det heile, fordi landskapet er ope og sårbart, prega av gamle vorar og er særleg langgrunt. Det er eit område med stor opplevingsverdi. Det er ueigna for bygging av naust på 80 m² dersom ein tenker at desse skal brukast for opptrekk av store båtar.

Naustområde FNvi 2 ligg også på Vigra. Område er prega av gamle relativt store naust som er godt vedlikehaldne. Det største naustet er om lag 70 m². Vi meiner at dette bygningsmiljøet har stor opplevingsverdi slik det ligg i dag. Det bør ikkje byggast store moderne naust her berre fordi det tradisjonelt er store naust frå før. Desse er frå ei heit anna tid der nausta var bruksnaust for fiskarbonden og meir næringsbygg enn fritidsnaust er i dag.

Naustområde på Fnva-3 nordvest på Valderøya er eit fint område med svaberg godt eigna til friluftsliv og som ikkje eignar seg til naustbygging då ein er nødt å sprengje bort berga for å få plass naust her.

Vi har ikkje vore på synfaring på områda på Godøya og eitt område på nord-vestsida av Valderøya. Dette får vi ta igjen før andre gongs offentleg ettersyn.

Mønehøgda og takvinkel er tenkt å vere den same som i gjeldande plan, dvs 6 meter. Nausta kan då bli noko breiare, men for å halde takvinkelen må dei bli lengre. I områda med 80 m² er det heller ikkje endra mønehøgde, noko vi fekk opplyst på møte 11.05 at kommunen hadde gløymd å rette opp. Fylkesmannen meiner det må gjerast ei konkret vurdering for kvart naustområde om kva ei slik endring kan medføre av konsekvensar for ålmenne interesser, landskap, kulturmiljø og naturmiljø. I tillegg er det

færre som får gleda av å eige naust dersom ein bygger store naust, og det vil få konsekvensar som større inngrep i strandsona og fare for meir privatisering.

Fylkesmannen har **motsegn** til nauststorleik i planen. Vi vurderer det slik at i område som allereie er regulert må gjeldande avgrensing gjelde (50 m²). Grunngevinga er at det i reguleringsprosessen allereie er gjort ei fagleg avklaring med høyringspartane og andre på kor stor nausta skal vere. I nye naustområde må kommunen gjere ei vurdering av konsekvensane av å auke storleiken frå 50 m² til 60 m² i kvart einskild byggeområde.

Vi har også motsegn til dei konkrete naustområda som er føreslege å ha 80 m² BRA, Fnv-2 og 3, Fnva-2, Fng-2, Fng-5 og 5b.

Mønehøgda og takvinkel skal vere den same, dvs 6 meter. Nausta kan då bli noko breiare, men for å halde takvinkelen må dei bli lengre. I områda med 80 m² er det heller ikkje endra mønehøgde, noko vi fekk opplyst på møte 11.05 at kommunen hadde gløymd å rette opp. Fylkesmannen meiner det må gjerast ei konkret vurdering for kvart naustområde om kva ei slik endring kan medføre av konsekvensar for ålmenne interesser. Det blir ferre som får bygge naust med større naust, og det vil få konsekvensar ved større inngrep i strandsona, meir privatisering og landskapskonsekvensar.



Frå FNvi3 på Vigra. Dette er eit ope og sårbart landskap prega av gamle vorar og er særleg langgrunt. Det er eit område med stor opplevingsverdi. Det er ueigna for bygging av naust på 80 m² dersom ein tenker at desse skal brukast for optrekk av store båtar.



Frå naustområde FNvi 2 på Vigra. Område er prega av gamle relativt store naust som er godt vedlikehaldne. Det største naustet er om lag 70 m². Vi meiner at dette bygningsmiljøet har stor opplevingsverdi slik det ligg i dag. Det bør ikkje byggast store moderne naust her berre fordi det tradisjonelt er store naust frå før. Desse er frå ei heit anna tid der nausta var bruksnaust for fiskarbonden og meir næringsbygg enn fritidsnaust er i dag.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planen legg i stor grad opp til å bygge nye bustader i tråd med eksisterande bustadstruktur ved fortetting/ utviding av eksisterande bustadområde. Kommunen må få ros for dette, då det er i tråd med nasjonal arealpolitikk.

Kommunen har lagt opp til å få til eit nytt sentrum for kommunen på nordsida av Valderøya der eit større areal er lagt ut til sentrumsføremål. Vi støttar kommunen i å samle seg om å få til eit sentrumsområde. Dette vil krevje stor grad av målretta satsing, då eit sentrum vil vere samansett av ein del funksjonar som gjer at folk oppfattar at dette er sentrum i kommunen. Dette kan vere rådhus, NAV, bibliotek, kulturhus, kino, parkanlegg, forretningar, berre for å nemne noko.

Strandsona

Planen legg ikkje opp til ny bustadbygging i 100 meters beltet. Kommunen må få ros for dette.

Landbruk

Fylkesmannen er godt nøgd med at Giske kommune har teke nasjonale retningslinjer og oppgåva som den viktigaste jordvernmyndigheita på alvor. Dette synes gjennom utarbeiding av kjerneområde landbruk og etablering av omsynssone landbruk i plankartet, og at kommunen i stor grad har holdt seg til utviding av eksisterande

bustadområde. Giske er ein viktig jordbrukskommune i Møre og Romsdal, og rekruteringa til primærnæringa syner at landbruket har håp om ei god framtid. Kommunen og kommuneplanen må bidra til og sikre framtida for næringa ved at dei har kjente arealmessige rammevilkår og moglegheit for utvikling. Giske kommune har store areal som både er dyrka og dyrkbar, dette gjer det utfordrande med tanke på øvrige samfunnsomsyn, blant anna bustadbygging som kan føre til tap av matproduserande areal og vegbygging og anna infrastruktur som kan bidra til uheldig arrondering og auka fragmentering av landbruksareal.

Giske kommune har utarbeidd eit arealreknskap for bustad og næring, og kan vise til prognoser om framtidig folkeauke og må planlegge for dette. Dagens areal avsett til bustadbygging og framtidig areal som kan nyttast til bustadføremål, som ikkje er i interesseskonflikt med jordvernet, er ein knappheitsressurs. Konsentrert bustadbygging generelt og auka fortetting på Valderøya spesielt vil etter Fylkesmannen sitt syn tene landbruksnæringa ved at det vert mindre utbyggingspress på dyrka jord andre stader i kommunen. Konsentrert bustadbygging vil optimalisere arealutnyttinga meir enn enkelttomter i plan og dispensasjonar frå kommuneplan, då dispensasjonar undergrev kommuneplanen som styringsverktøy, og kan gi både direkte og framtidige uheldige konsekvensar for landbruksnæringa.

Fylkesmannen etterlyser ei oversikt over antal dekar dyrka jord (fulldyrka, overflate dyrka og innmarksbeite) og dyrkbar jord som går tapt som følgje av kommuneplana. Fylkesmannen vil samstundes oppfordre kommunen til også i framtida vere bevisst på sitt arbeid med å nå dei nasjonale målsettingane om redusert omdisponering av dyrka jord, og auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad.

7.2.1 – Ig_2 - Idrettsanlegg, Staurneset, Giske – motsegn

I konsekvensutgreiinga skriv kommunen i si vurdering at det blir lagt inn utvidingsareal (8 ½ daa) nordvest for klubbhuset for å ta høgde for framtidig behov for utviding. Arealet er i dag avsett til Inf-formål, og består av dyrka mark som vert aktivt drive og er ein del av kjerneområde landbruk. Fylkesmannen ser at viss idrettslaget har ønske om utviding av anlegget, så er dette vanskeleg utan tap av dyrka jord. Likevel saknar Fylkesmannen dokumentasjon på eit konkret behov, og kommunen/idrettslaget må konkretisere kva arealet faktisk skal nyttast til. Fylkesmannen ser ingen umiddelbar trussel for at arealet skal verte nytta til noko anna samfunnsnyttig i nær framtid bortsett frå matproduksjon, så eit alternativ kan vere å ta arealet ut av kommuneplanen, og heller regulere direkte ved konkret behov. Inntil kommunen/idrettslaget har gjort desse vurderingane, har Fylkesmannen **motsegn** til Ig_2 – Idrettsanlegg på Staurneset.



7.2.9 - Bg_9 og Bg_10, bustadar, Gullik, Giske - motsegn

Begge tiltaka ligg på dyrka jord og innanfor kjerneområde landbruk. Kommunen skriv at desse områda vert nytta til jordbruksproduksjon, og at tiltaka vil ha negativ konsekvens for næringa. Fylkesmannen meiner at Giske kommune må sette endeleg jordvernengrense ved fv. 128, og at all framtidig bustadbygging bør skje innanfor ringvegen. Her bør kommunen vurdere rekkjefølgje for utbygginga, til dømes at sørvestlege deler vert omdisponert og skal vere ferdig før sørøstleg del. Enkelttomter og dispensasjonar legg tydelege føringar og restriksjonar for optimal utnytting av areala som bør regulerast. Det er allereie avsett store område i gjeldane plan som ikkje er fullt utbygd, og det vert avsett større område for bustadar på øya Giske gjennom utviding av eksisterande bustadområde. Fylkesmannen har **motsegn** til Bg_9 og Bg_10 bustadar på Giske.



7.2.10 - Vg_1, veg, Øydegardshamna, Giske – motsegn

Det er fremja ønske om ny veg til Øydegardshamna. Tiltaket vil bygge ned dyrka jord og fragmentere noko av det største samanhengande landbruksarealet på øya. Det fins idag ein eksisterande veg samt en ny under planlegging. Tidlegare erfaring tilseier at der det vert bygd ny veg med teknisk infrastruktur, så vil bustadbygging presse seg fram på sikt, og konsekvensen for landbruksnæringa kan verte enda større i framtida. Fylkesmannen

vurderer tiltaket slik at ulempen for landbruket og jordvernet er større enn samfunnsnyttene veien vil gi, og vi vil fremje **motsegn** på vegne av landbruksnæringa.



9.2.3 - Bvi 17 - bustad, Budafjellvegen, Vigra – motsegn

Enkelttomt som vert liggjande mellom driftsbygning og våningshus på Roald. Dårlig arealutnytting, og i umiddelbar nærleik til bustadområde som vert utvida i komande kommuneplan. Fylkesmannen har tidlegare fått medhold i klagesak ved dispensasjonssøknad, og vil fremje **motsegn** til tiltaket Bvi_17.



9.2.10 - LNF Bvi 1 - bustad, Vigra – motsegn

Enkelttomt som vert liggjande nær driftsbygning, sjølv om tomte er føreslått flytta lengre unna driftssenter. Er avsett store areal til bustadføremål i nærleiken, og området inngår i kjerneområde landbruk. Uheldig arrondering på restareal, og pårekneleg med drifts- og miljømessige ulemper. Fylkesmannen har **motsegn** til LNF_Bvi_1 på Vigra.



9.2.13 - Bvi_15 - bustad, Magretevegen, Vigra - motsegn

Etablering av eit nytt bustadområde i kjerneområde landbruk. Fylkesmannen er uro over framtidig konsekvens ved etablering av nytt bustadområde, då ei eventuell utviding i all hovudsak vil gå på bekostning av dyrka jord i aktivt drift. Stor sannsynlegheit for drifts- og miljømessige ulemper i området. På vegne av landbruksinteressene gir Fylkesmannen **motsegn** til Bvi_15, Magretevegen.



Samfunnstryggleik

Kommunen har vald å gjennomføre ROS-analysen som ein grov oversiktsanalyse som skal gjelde for heile kommunen. Fylkesmannen er samd i denne tilnæringsmetoden for ein ROS-analyse knytt til kommuneplanen sin arealdel. Vi meiner dette er ein betre metode enn den kommunen skildra i planprogrammet, der ROS-analysen skulle vere ein del av konsekvensutgreiinga.

Analysen viser til fire sentrale punkt som skal ligge til grunn for vurderingane i ROS-analysen. Vi meiner desse punkta gjev eit godt utgangspunkt for ein god ROS-analyse og påfølgjande trygg arealbruk i kommunen. Spesielt er vi nøgd med at kommunen, i tillegg til framtidig arealbruk, òg er bevisst på å inkludere vurderingar av allereie eksisterande arealbruk i ROS-analysen.

ROS-analysen avsluttast med eit skjema der avbøtande tiltak knytt til kommuneplanen sin arealdel blir skildra. Vi meiner dette er ein god måte å summere opp relevante funn i analysen som får konsekvensar for kommuneplanen sin arealdel. Eit forbettringspotensial hadde vore om kommunen i tillegg viste konkret kvar i planen ein kunne finne dei avbøtande tiltaka. Til dømes ved å vise til konkrete planføresegner, kartkodar og liknande.

Når vi les konsekvensutgreiinga til arealdelen står det at kommunen ikkje har ein ROS-analyse, og at det derfor berre vert utført ei lokal og forenkla ROS-analyse for kvart utbyggingsområde. Dette stemmer ikkje, og teksten i denne delen av konsekvensutgreiinga bør endrast slik at informasjonen samsvarar med dei andre plandokumenta. Det stemmer heller ikkje overeins med det som står om kunnskapsgrunnlaget i avsnittet under. Der skildrast ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel som eitt av fleire kunnskapsgrunnlag.

ROS-analysen inkluderer ei vurdering av potensiell flaumfare. I denne vurderinga blir òg overvatn kort nemnt. Vi hadde ynskja ei grundigare vurdering knytt til overvatn, og om dette vil vere ei utfordring for både eksisterande og planlagde planområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» (2017) gjev eit kunnskapsgrunnlag om klimaendringar som mellom anna viser at overvatn er eit relevant tema som bør vurderast i arealplanlegginga. Profilen skildrar at det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, i fylket. Dette vil få konsekvensar for overvatn. Vidare vil dette òg få konsekvensar for spesielt mindre bekkar og vassdrag. I kommunen sin ROS-analyse blir det vist til at Giske ikkje har store vassdrag med flaumproblematikk. Det finst derimot mindre bekkar i kommunen. Det blir konkludert med at avstand til bekkar for utbyggingsområde skal vurderast i samband med regulering. Fylkesmannen meiner kommunen allereie på kommuneplannivå må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå vassdrag, inkludert mindre bekkar. Vi viser her til NVE sin rettleiar «*Flaum- og skredfare i arealplanar*». I rettleiaren står det mellom anna: «*Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar...*». Fylkesmannen meiner kommunen skal nytte kommuneplanen til å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå vassdrag. Dette kan til dømes gjerast ved å fastsette føresegner om byggegrenser langs vassdrag. Kommunen må sørge for tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Risikoen knytt til elektromagnetiske felt blir vurdert i ROS-analysen. Analysen viser mellom anna til strålevernforskrifta og Statens strålevern sin rettleiar til bustad nær høgspentanlegg. I rettleiaren er magnetfelt på 0,4 mikrotlesla satt som ei utgreiingsgrense for tiltak nær høgspentanlegg. Det er teikna inn omsynssoner for høgspenlinjer i plankartet. Fylkesmannen føreset, med bakgrunn i vurderingane gjort i ROS-analysen, at omsynssonene dekkjer område med magnetfelt over 0,4 mikrotlesla. Kommunen skriv i ROS-analysen at det ikkje skal byggjast bustad, skular eller barnehagar innanfor omsynssona

knytt til høgspontanlegg. Dette kravet er ikkje sikra i planføresegna knytt til omsynssonene. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

ROS-analysen vurderer faren for ustabil grunn i kommunen. Det blir vist til at mykje av kommunen ligg under marin grense, men at det likevel nesten ikkje er registrert naturlege ustabile grunnhøve. Det er heller ikkje kjent at det har vore hendingar med ustabil byggegrunn på grunn av avsetningar. Kommunen vurderer det likevel slik at ein bør vere varsam i områder som ligg under marin grense med marine avsetningar, og at konkrete vurderingar av byggegrunn bør gjerast før tiltak blir satt i gang. Vidare viser kommunen til at det er døme på ustabile leir/-morenemassar på Valkvæ og Juv. I skjemaet der kommunen viser til avbøtande tiltak står det at det ikkje er planlagt konkrete tiltak knytt til ustabil grunn, og at ustabil grunn vil vere vurderingskriterium ved ROS-analysar. Elles skal gjeldande lov og føreskrifter sikre tilstrekkeleg trygg byggegrunn. Fylkesmannen meiner at i dei tilfelle der kommunen er kjent med områder med potensiell ustabil grunn må desse markerast i plankartet som omsynssoner med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Vi viser her til NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*». Sidan kommunen i ROS-analysen peiker på at konkrete vurderingar av byggegrunn bør gjerast før tiltak blir satt i gang, bør kommunen vurdere om dette skal sikrast gjennom kommuneplanen sine føresegner. Til dømes kan kommunen krevje geoteknisk utgreiing av ustabil grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknad om byggjeløyve i område under marin grense, og at det skal dokumenterast at utbygging vil gje tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK10.

Føresegner

Fylkesmannen vil generelt rå til at det vert gjort grep for å synleggjere kva som er rettsleg bindande føresegn, retningslinjer og infotekst. Til dømes kan teksten til rettsleg bindande føresegn visast i eigen tekstboks. Fylkesmannen vil peike på at det ikkje er naudsynt å vise til rettsreglar som går fram av lov eller forskrift. Ei vising til lov- og forskriftstekst er tilstrekkeleg.

Fylkesmannen vil vidare vise til at det ikkje er høve til å gi egne reglar for saksbehandlinga, til dømes krav til saksutgreiing, medverknad med meir. Det er plan- og bygningslova og forvaltningslova sine reglar om saksbehandling som skal gjelde. Eventuelle føresegner knytt til dette vil såleis vere å sjå som retningslinjer for saksbehandlinga. Fylkesmannen vil og rå til at det klart og eintydig går fram for kva tiltak og område det skal gjelde plankrav jf. pbl. § 11-9 nr. 1.

Fylkesmannen rår til at det i rettsleg bindande føresegn ikkje vert brukt skjønsmessige omgrep som «bør», «mindre/større tomter, tiltak osv», «vesentleg ulempe, utviding» med meir. Rettsleg bindande føresegn vil gi rammene for kva som er lovleg arealbruk og må såleis vere klare og eintydige.

Endeleg vil Fylkesmannen peike på at vedtatt arealbruk i kommuneplanen i utgangspunktet vil vere styrande for framtidig arealbruk, men at det ikkje er høve til å sette rettslege skrankar for framtidig arealbruk i etterfølgjande reguleringsarbeid.

Fylkesmannen vil i det vidare gi nokre konkrete tilbakemeldingar på enkelte punkt/føresegn.

Punkt 2.8:

Konkret vil Fylkesmannen peike på at det bør gjerast ein gjennomgang av rekkefølgekrava. Nokre av dei føresegnene som er lista opp som rekkefølgekrav synast å ligge utanfor det som pbl. § 11-9 nr. 4 opnar for. Fylkesmannen viser til at føremålet med eit rekkefølgekrav er å sikre at tiltak/utbygging i området skjer på ein god måte.

Dei rekkefølgekrava som er gitt til dømes for Vigra og Giske stilt krav om at kapasitet for sosial/teknisk infrastruktur skal vurderast og eventuelle rekkefølgekrav skal innarbeidast i detaljplanane. Pbl. § 11-9 nr. 4 gir ikkje høve til å gi krav til saksutgreiing eller rettslege skrankar for framtidig reguleringsarbeid. Ei slik føresegn vil såleis vere å sjå som ei retningsline.

Det er i føresegn til Riksveg 658 sagt noko om at arealbruk for Slvi_1 og Nvi_2 skal opphøyre ved vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for ny riksveg 658. Ei slik føresegn vil innebere at områda Slvi_1 og Nvi_2 vert å sjå som uregulerte «kvite» områder i kommuneplanen sin arealdel når reguleringsplan for ny riksveg er på plass. Det er ikkje høve til å vedta kommuneplanen sin arealdel med «kvite» områder og ei slik løysing vil derfor ikkje vere gyldig. Fylkesmannen vil i staden peike på det generelle utgangspunktet om at ny plan vil gjelde foran eldre planer og at nyaste plan går foran ved eventuell motstrid.

Punkt 2.9:

Det er ikkje naudsynt å gjenta det som følgjer av plan- og bygningslova og veglova sine reglar. Det er vidare ikkje høve til å gi eigne dispensasjonsføresegn. Eventuelle unntak frå plan- og bygningslov sine reglar må gjerast ved dispensasjon etter pbl. § 19-2.

Punkt 2.11:

Fylkesmannen viser til at der kommunen ønskjer å fastsette ei anna byggegrense enn den som gjeld etter pbl. § 1-8, så skal dette skje etter ei konkret vurdering basert på strandsoneomsyna som gjer seg gjeldande.

Føresegnene som gjeld naust er omtala under overkrifta Naust lenger framme i brevet.

Punkt 4.1.2 Støysoner

Fylkesmannen set generelt krav om at støy skal vere avklara i reguleringsplan og ikkje utsettast til byggesak. Vi foreslår at retningslina blir endra til følgande:

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhøyrande rettleiar M-128, skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Støytilhøva må avklarast så tidleg som mogleg i planprosessen ved at det blir utarbeidd ei støyaaleg utgreiing der støynivå vert talfesta i tabell/punkt i kart for representative høgder. Støytiltak som går fram av støyutgreiinga skal innarbeidast i plankart og føresegner.

I planomtalen er det opplyst at flystøy er vist med gul og raud støysone i plankartet. Dette får vi ikkje til å stemme. Det ser ut som at raud støysone er vist med ein tynn svart strek, medan gul sone er vist med tykk strek. Gul støysone utgjer eit stort areal på Vigra. Normalt skal ein unngå bygging i slike støysoner, men langs støyutsette vegar er det mogleg både å sette opp støyskjermar/vollar og ha fasadetiltak slik at ein oppfyller krava i støyretningslinene T-1442/2016. For flystøy er det ikkje mogleg med fysisk skjerming i terrenget, men tiltak på fasadar er mogleg for å redusere innvendig støy. Vi kan ikkje sjå at støy er vurdert i konsekvensutgreiinga for dei nye bustadområda som ligg i gul støysone, noko som bør rettast.

Folkehelse

Turvegar

I høve gjeldande plan er det viset ei rekke nye trasear for turvegar på Vigra, Valderøya og Godøya. For den sjønære turløypa på Valderøya (Valderøyløypa) er det lagt opp til utarbeiding av reguleringsplan. For dei andre traseane på dei nemde øyane kan vi ikkje finne noko i føresegnene/retningslinene om kva som ligg i dette. Dersom dette berre er for å vise eksisterande stiar, treng dei ikkje visast på plankartet. Er det derimot trasear ein skal lage turvegar med ein gitt standard, må dette gå fram av planen i form av t.d maksimal breidde, toppdekke, universelt utforma osv. Dette er viktig for at dei som har planen på høyring kan ta stilling til konsekvensane av planforslaget. Traseane som er vist er berre retningsgjevande, men vi kan ikkje sjå at det er krav til reguleringsplan for andre turvegar enn Valderøyløypa.

Konklusjon

Giske kommune har gjort ein svært grundig jobb med den nye kommuneplanen. Den er svært detaljert og stiller såleis store krav til korleis arealplankartet skal tydst, då det er mykje omsynssoner som gjer kartet vanskeleg å lese. Det er noko vanskeleg å finne ut kva dei ulike kodane på kartet er for noko, og ikkje alltid lett å skilje fargane som viser eksisterande og nye utbyggingsområde. Fylkesmannen og Avinor har mange motsegner til saman, men det er likevel relativt få i høve til gjennomsnittet for ein kommuneplan i fylket. Vi ber kommunen ta kontakt for å gå gjennom motsegnene for å finne løysingar. Når det gjeld areala knytt til Vigra flyplass er det mest hensiktsmessig å ta dette som eige møte mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, Avinor og Giske kommune.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, 71258489

Barn og unge: Kristin Eide, 71258433

Føresegner: Frida Farstad Brevik, 71258451

Vedlegg: Avinor. Fråsegn av 12.05.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde